

REGULERINGSFØRESEGNER

KOMMUNE: Drangedal

REGULERINGSOMRÅDE: Masseuttak Bostrak

DATO FOR PLANFØRSLAG: 31.10.2017

DATO-KOM.STYRETS VEDTAK:

PLAN ID: 20160003

DATO FOR SISTE REVISJON:

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet og gjeld både eksisterande og nye hytter/tomter. Føresegnene er gjevne i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7.

Reguleringsføremål (PBL.§ 25)

PBL § 12-5,1	<u>Bygningar og anlegg</u> - Massetak
PBL § 12-5, 2	<u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</u> - Køyreveg
PBL § 12-5, 5	<u>Landbruks-, natur- og friluftslivformål</u> - LNF generell

§ 1 Fellesføresegner

- 1.1. Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på ei automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker - om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminneloven § 8 andre ledd).

§ 2 Bygningar og anlegg

- 2.1. Støy frå massetak skal ikkje medføre at busetnad råkast av støy over maksverdier i T-1442.
- 2.2. Innafor området kan det takast ut masser i høve til illustrasjonsplan for ferdig utatt område
- 2.3. Toppdekket i området tas av og leggst til side for tilbakeføring når uttaket avsluttast.
- 2.4. Arealet skal etter avslutta drift kunne drivast som drivverdig skogsareal.
- 2.5. Lagring av forureina masser og avfall tillatast ikkje innanfor planområdet.
- 2.6. Sikring av området skal vurderast fortløpande og sikring utførast når det er behov.
- 2.7. Driftstid skal tilpassast gjeldande regler og forskrifter, fortrinnsvis måndag til fredag 06.00-21.00. Lasting av masser for utkøyring er tillat etter behov.

§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 3.1. Tilkomst veg kan opparbeidast etter standard til landbruksveg klasse 3.

§ 4 Landbruks-, natur- og friluftsområde

- 4.1. Vegetasjonen i eit belte på 20 m rundt massetaket bør bevarast som skjerming for innsyn, støy og støv. Resterande areal kan drivast som eit vanleg skogområde.

§ 5 Rekkefylgje føresegner

- 5.1 Før det gis ingangsettingstillatelse må avkøyring frå Fv 38 utbetrast og rekkverk forlengast. Det må inngåast ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen, med byggeplan og teikningar av tiltaket.
- 5.2 Før det gis igangsettingstillatelse for massetak skal det føreligge enkel driftsplan.